

Referat frå elevråd 01.09.26

Tilstades; Ingveig, Oda, Lavrans, Jens, Hannes, Trym, Filip, Bjørghild, Sander og Karen

Sak 1) Konstituering

Elevrådet valgte Oda til elevrådsleiar og Susanne til nestleiar. Dei to, samt Lavrans møter i SU. Dersom ein av dei melder forfall er Jens og Hannes vara til SU.

Sak 2) Oppgåver

Rektor informerer om elevrådet sine oppgåver, at dei kjem med viktige innspel til skulen, og deltek på Barn og unges kommunestyre kvart år.

Sak 3) Utviklingsplanen

Hognestad skule har ein utviklingsplan som seier noko om kva me skal jobba med det neste skuleåret. Me har dei siste åra jobba med å auka motivasjonen for læring, samt lesing og matematikk. Me vil jobba vidare med dette, men òg jobba med at elevane får eit medvite forhold til tilbakemeldingar.

Sak 4) Trygt og godt skulemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø. Det står i opplæringslova. Der står det òg at skulen skal jobba førebyggjande for hindra at mobbing og krenking skjer, og korleis me på skulen skal jobba dersom det skjer likevel.

Elevrådet kom òg med innspel på korleis oppstarten har vore, og korleis det går i friminuttet, er det nok vakter ute og kvar bør dei sjå ekstra etter?

Sak 5) Høyring

Skulen har fått ein høyring som dei ynskjer elevrådet sine svar på, som handlar om førebygging og oppfølging av høgt skulefråvær. Me gjekk gjennom skjemaet og svarte på spørsmåla i elevrådet.

Sak 6) Mapahoney

Etter møte i FAU vart Mapahoney flytta til 14.09.26 kl. 17.00-18.30, grunna gravferda til kong Harald. Elevrådet har ansvar for å laga plakatar, trekka gevinstar i forkant, samt selja lodd på sjølve arrangementet.

Sak 7) Hei Verda!

Elevrådet bestemte seg for å støtte Bangladesh dette året. Dei ynskjer å gjere slik som tidlegare år, med aktivitetar i klasseromma og spring rundar for å samle inn pengar. Hei Verda vert etter haustferien.

Sak 8) Årshjul gleding

Rektor viser og går gjennom årshjulet for gleding på Hognestad skule. Elevrådet kom med ynskje om å bidra i løpet av året.

Sak 9) Trygt og godt skulemiljø -filmar

Målet er å få spelt inn i alle fall to filmar til dette skuleåret. Manus er nokså klart, me finne tid til å filma og redigera.

Sak 10) Presentasjon av Laget.

Rektor informerer om kva Laget er, at det er ei gruppe som jobber rundt lærar og elev. Laget består av rektor, SFO-leiar, helsesjukepleier Kristin og Henriette frå PPT. Oppgåva deira er å gi råd til lærarar dersom det er behov. Bilete av Laget heng utanfor personalrommet.

Sak 11) Fotballar

Rektor har nokre fotballar som kan delast ut. Korleis skal me fordela dei? Elevrådet bestemmer at 1.-3. får ein fotball, 4.-5. får ein ball som høyrer til i brakka, og 6.-7. deler ein ball.

Referent

Kristin Sando